



Årdal kommune

Utval for Samfunn

MØTEPROTOKOLL

Møtedato: 07.05.2026

Møtetid: Kl. 08:00 - 11:00

Møtestad: Kommunestyresalen

Saksnr.: 012/26 – 014/26

Følgjande medlem møtte	Parti
Ingvill Eldegard	AP
Kari Bjørg Måren	AP
Tor Erik Sveen	AP
Line Hillestad	UA

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti	Følgjande varamedlem møtte	Parti
Bjørn Thomas Haugen	H		
Jarle Magne Teigen	H		

Møteleiar:	Utvallsleiar Tor Erik Sveen
Frå adm. møte:	Kommunalsjef Ellen P. Fretheim, Kommunedirektør Mette Hestetun Berg, Arealplanleggar Sebastian Hjertager Lund, Klima- og miljørådgjevar Stine Ohrvik

Sakliste

Sak nr	Sakstittel
PS-012/26	Konstituering
PS-013/26	Referat og orienteringssaker
PS-014/26	Utgreiing av mogleg samanslåing av ungdomsklubbane i Årdal kommune

Årdal kommune

Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
012/26	Utval for Samfunn	07.05.2026

Sakshandsamar: Laila Irene Røneid

Arkiv:

Arkivsak: 26/601 -
Ugyldig flettefelt

Konstituering

1. Opning av møte
2. Godkjenning av innkalling
3. Godkjenning av sakliste
4. Møteprotokoll - det skal veljast to personar som skal godkjenne og underskrive møteprotokollen i lag med møteleiar.

07.05.2026 Utval for Samfunn

Ingen merknad til innkalling og sakliste.

Framlegg på Line Hillestad, Uavh. og Kari Bjørg Måren, AP til å godkjenne og signere møteprotokoll i lag med utvalsleiar.
Samrøystes.

SAMFUNN - 012/26 Vedtak

Innkalling og sakliste godkjent utan merknad.

Line Hillestad og Kari Bjørg Måren skal godkjenne og signere møteprotokoll i lag med utvalsleiar.

Saksnr.	Utval	Møtedato
013/26	Utval for Samfunn	07.05.2026

Sakshandsamar: Laila Irene Røneid

Arkiv:

Arkivsak: 26/601 -
Ugyldig flettefelt

Referat og orienteringssaker

Kommunalsjefane orienterer om aktuelle saker og tema innanfor utvalet sitt ansvarsområde. Det kan også vere andre som kjem og orienterer på vegne av kommunalsjefane.

Det er også høve for medlemmane i utvalet til å stille spørsmål til møteleiaren eller kommunalsjef. Spørsmålet bør bli varsla til møteleiaren eller kommunalsjefen i forkant, slik at det kan bli svart ut i det same møtet.

Om eit spørsmål krev utgreiing eller orientering frå andre, kan utvalet bestille dette til neste møte. Utvalet kan også kome med andre bestillingar. Det blir laga til oppfølgingsliste. Oppfølgingslista er ei oversikt over bestillingar frå utvalet om synfaring, utgreiing, orientering eller anna, og korleis det blir følgt opp.

Oppdatert oppfølgingsliste, og ev. spørsmål, presentasjonar eller annan dokumentasjon, blir lagt til som vedlegg i saka.

Orienteringar i møte 7. mai 2026:

1. Oppstart budsjett 2027 - herunder informasjon om årsmelding/løypemelding tiltak budsjett 2026
2. Løypemelding/involvering i arbeidet med nytt samlokalisert omsorgssenter
3. Løypemelding kommuneplan arealdel
4. Løypemelding Naturmangfaldsplan
5. Løypemelding Jotun stadion
6. Utgreiing parkeringsavgift Hjelle

Dokument i saka:

Saksnr.	Tittel
001/26	Budsjett 2027 - arbeidsdokument 1-26

07.05.2026 Utval for Samfunn

I møtet 7. mai 2026 vart det gitt følgjande orienteringar:

1. Løypemelding Naturmangfaldsplan
2. Løypemelding kommuneplan arealdel
3. Oppstart budsjett 2027 - herunder informasjon om årsmelding 2025 / løypemelding tiltak budsjett 2026
4. Løypemelding/involvering i arbeidet med nytt samlokalisert omsorgssenter
5. Løypemelding Jotun stadion
6. Utreiing parkeringsavgift Hjelle

SAMFUNN - 013/26 Vedtak

Orienteringane vert tekne til vitande.

Årdal kommune

Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
014/26	Utval for Samfunn	07.05.2026
008/26	Utval for Levekår	07.05.2026

Sakshandsamar: Stine Moen Bakken

Arkiv:

Arkivsak: 25/116 -
Ugyldig flettefelt

Utgreiing av mogleg samanslåing av ungdomsklubbane i Årdal kommune

Saka gjeld

Utgreiing av mogleg samanslåing av dei to eksisterande ungdomsklubbane i Årdal kommune – Mekken på Årdalstangen og Kjedlaren i Øvre Årdal. Formålet er å vurdere om ei samanslåing kan gi eit meir robust, attraktivt og berekraftig ungdomstilbod, med betre utnytting av ressursar og høgare kvalitet på aktivitetar og opningstider.

Bakgrunn

Årdal kommune har i dag to ungdomsklubbar, Mekken lokalisert i Sandgota på Årdalstangen og Kjedlaren i Øvre Årdal. Begge klubbane spelar ei viktig rolle som lågterskel møteplassar for ungdom, og bidreg til sosial deltaking, trivsel og førebyggjande arbeid i lokalmiljøa.

Klubbane er opne ein dag kvar veke, med ei opningstid fra klokka 18-21, tysdagar på Årdalstangen og onsdagar i Øvre Årdal.

Det har over tid vore vurdert om ressursane knytt til ungdomstilbodet kan nyttast meir målretta og effektivt. Ein har eit ynskje om å ha ope fleire dagar i veka, I tillegg har ein hatt vanskar med å rekruttere til stillingane. I denne samanhengen er det reist spørsmål om ei mogleg samanslåing av dei to ungdomsklubbane, for å styrkje kvaliteten og berekrafta i tilbodet.

Det er gjennomført ei undersøking blant ungdom som nyttar dei eksisterande klubbtilboda. Resultata frå undersøkinga peikar på at ungdom i stor grad er opptekne av kvaliteten på tilbodet, aktivitetane og det sosiale miljøet, medan den geografiske plasseringa vert tillagd mindre vekt. Dette kan indikere at eitt samla og styrkt ungdomstilbod kan vere meir attraktivt enn to mindre einingar.

Spørsmålet om samlokalisering aktualiserer seg no fordi bygget som i dag vert nytta til Mekken ungdomsklubb er seld og leigekontrakten er sagt opp. Dette inneber at kommunen uansett står overfor endringar i det eksisterande tilbodet. Tidspunktet vert difor vurdert som

særleg eigna for å gjennomføre ei grundigare vurdering av framtidig organisering av ungdomsklubbar i kommunen.

Drøfting

Ei mogleg samanslåing av ungdomsklubbane vil kunne bidra til å etablere eit større og meir robust ungdomsmiljø, med auka deltaking og eit breiare aktivitetstilbod. Ei samla drift kan gi betre høve til fagleg utvikling, meir effektiv bruk av personalressursar og meir stabile opningstider.

Ei eventuell lokalisering i lokale som er betre tilpassa føremålet, vil kunne gi betre fysiske rammer for aktivitetar, tryggleik og trivsel, og leggje til rette for vidare utvikling av ungdomstilbodet.

Basert på tilbakemeldinga frå ungdommane vurderer ein at avstanden mellom dei noverande tilboda vert vurdert som handterbar. Samstundes er det avgjerande at ei eventuell samanslåing vert følgd opp med tiltak som sikrar god tilgjenge for alle ungdomar. Dette kan til dømes vere tilrettelagde transportløyningar, justerte opningstider eller andre kompenserande tiltak.

Økonomi

Ei samanslåing av ungdomsklubbane kan på sikt gi meir effektiv bruk av økonomiske ressursar, mellom anna gjennom samordning av drift, personale og lokale. Dette kan bidra til meir berekraftig drift over tid.

Samtidig må det påreknast at ei omlegging kan medføre eingongskostnader, til dømes knytt til tilpassing av lokale, flytting av utstyr, transportløyningar eller organisatoriske endringar.

Ei nærare utgreiing må difor innehalde ei heilskapleg vurdering av både kortsiktige og langsiktige økonomiske konsekvensar, inkludert eventuelle innsparingar eller meirverdiar ved ei samanslåing.

Tilråding

Det skal settast i gang ei nærare utgreiing av mogleg samanslåing av ungdomsklubbane i Årdal kommune. Utgreiinga skal mellom anna vurdere lokalisering, organisering, økonomiske konsekvensar, tiltak for å sikre god tilgjenge og konsekvensar for ungdom i kommunen som heilskap.

07.05.2026 Utval for Samfunn

Tilråding vart teken opp til røysting.
Samrøystes.

SAMFUNN - 014/26 Vedtak

Det skal settast i gang ei nærare utgreiing av mogleg samanslåing av ungdomsklubbane i Årdal kommune. Utgreiinga skal mellom anna vurdere lokalisering, organisering, økonomiske konsekvensar, tiltak for å sikre god tilgjenge og konsekvensar for ungdom i kommunen som heilskap.